

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

28.01.15

Vøling av steingarden mellom prestegardshagen og Mangersnesvegen?

Arbeidsutvalet i Manger Bygdelag har hatt møte.

Ein diskuterte då ulike oppgåver som laget er oppteken av. Ei av desse oppgåvene er å halde hagen rundt den gamle prestegarden i orden.

Ved fleire høve har laget teke opp munnleg med tilsette i Radøy kommune at det er trong for å vøle steingarden mellom hagen og veggen.

Steingarden er i dårleg forfatning. Den har falle ned fleire stader og mange steinar ligg lause.

Steingarden går langs fortau som er nytta av skuleborn og barnehagar. Dersom nokon t.d. klatrar på gjerdet, kan dei fort få ein stein over seg.

Bygdelaget vil peike på at dersom noko skjer, kan kommunen få eit krav mot seg. Og ut frå omsynet til den kulturarven som prestegarden representerer, bør kommunen sjå det som eit ansvar å halde muren i orden.

Bygdelaget vonar at denne «meldinga» kan føre til at kommunen ser nærare på korleis muren kan verte sett i stand.

Med helsing
Manger Bygdelag sitt arbeidsutval

Eli Bjørklid

Torbjørn Drivenes

Odd Matre.